



Foto: Kasper M. de Thurah



**Berekraftig  
Reisemål**  
Vi er i gang



Foto: Visit Dalen

# KORT FORTALT

**Berekraftig reiselivsutvikling i Vest-Telemark**

Nyheitsbrev Nr. 3 - februar 2024

Lokalt engasjement i eit langt perspektiv



**Vest-Telemark**  
Fyresdal • Kviteseid • Nissedal • Setjord • Tokke • Vinje



Innovasjon  
Norge



# Merket for Berekraftig reisemål

Vest-Telemark er godt i gang med å kvalifisere seg til Merket for Berekraftig reisemål for første gong. Målet er å bli kvalifisert hausten 2024.

Alle reisemål må re-merkast kvart 3. år for å behalde sertifiseringa. Merkeordninga krev derfor at det er eit kontinuerleg arbeid over lang tid.

Standarden for merkeordninga *Berekraftig reisemål* legg vekt på ei heilskapleg tilnærming til eit meir berekraftig reiseliv, der ein balanserer økonomisk framgang med å ta vare på natur, kultur og samfunnsverdiar gjennom god destinasjonsleiing og strategisk planlegging.

Merkeordninga har fem fokusområde, A-E:



## A Destinasjonsleiing:

- I Vest-Telemark arbeider me med å få etablert destinasjonsleiing på kommunalt og/eller regionalt nivå.
- I april 2024 blir det innleiande samtalar med aktuelle aktørar i kvar kommune for å drøfte kva destinasjonsleiing betyr for den enkelte kommune.
- Destinasjonsleiing er aktørane som saman leiar utviklinga av reiselivet på reisemålet.
- Destinasjonsleiinga bør vere samansett av aktørar frå privat, offentleg og frivillig sektor, i tillegg til relevante interessentar tilpassa reisemålet.




## B Strategisk grunnlag

- Sommaren 2023 var Reiselivsstrategi for Vest-Telemark 2023-2033 ferdig.
- Pr. februar 2024 har 5 av 6 av kommunestyra i Vest-Telemark vedteke strategien.
- Før sommaren 2024 skal det lagast ein handlingsplan med vedtak som sikrar framdrift mot måla i strategien.
- Ei berekraftig reisemålsutvikling krev felles mål og retning.
- Strategien er utvikla i ein open og involverande prosess, basert på mål om auka berekraft og god besøksstyring (jf. fokusområda C-E).

Reiselivsstrategien er offentleg og blir tilgjengeleg på Vest-Telemarkrådet og Visit Telemark sine nettsider så snart alle kommunane har vedteke planen.





Dei resterande fokusområda C-E handlar om å få ein oversikt og dokumentere nå-situasjonen til Vest-Telemark. Med hjelp av statistikk, undersøkingar og kartlegging, blir den miljømessige, sosiale og økonomiske berekrafta i reiselivet dokumentert på ein heilskapleg måte. Etter 3 år skal alt dokumenterast på nytt, og resultatata skal samanliknast.

Områda C-E inneber:



### **C Bevaring av natur, kultur og miljø:**

- Aktiv innsats for å bevare og verne den naturlege skjønnheita og mangfaldet.
- Fremje kulturell bevaring og respekt for lokalsamfunnet sine tradisjonar.
- Redusere miljøpåverknaden og fremje berekraftig bruk av ressursar.



### **D Styrking av sosiale verdiar:**

- Fremje inkludering og respekt for lokale samfunn og deira kulturelle identitet.
- Oppmuntre til sosial rettferd og likeverd, med fokus på lokalbefolkninga si velferd.



### **E Økonomisk levedyktighet:**

- Sikre at destinasjonsutvikling bidrar til økonomisk vekst på ein berekraftig måte.
- Stimulere til lokal verdiskaping, entreprenørskap og økonomisk mangfald.



**Vest-Telemark**  
Fyresdal • Kviteseid • Nissedal • Seljord • Tokke • Vinje





## Undersøkingar i Vest-Telemark

Det siste året har me utført fleire undersøkingar i Vest-Telemark: fritidsbustad-, gjeste- og innbyggjarundersøking. Hensikten med undersøkingane er å få ei betre forståing av korleis gjester og innbyggjarar opplever reiselivet i Vest-Telemark. Kva fungerer godt og kor er det utfordringar? Innsikta er viktig for vidare utvikling av reisemålet. Undersøkingane skal gjentakast kvar 3. år, slik at me kan sjå på utviklinga over tid.

## Velkommen til digital presentasjon av resultatata av innbyggjar- og fritidsbustadundersøkinga på følgjande tidspunkt:

kommune	dato	tid	lenke
Fyresdal	5. mars 2024	10.00-11:00	<a href="#">Klikk her for lenke til webinar - Fyresdal kommune</a>
Kviteseid	5. mars 2024	12:00-13:00	<a href="#">Klikk her for lenke til webinar - Kviteseid kommune</a>
Nissedal	5. mars 2024	13:30-14:30	<a href="#">Klikk her for lenke til webinar - Nissedal kommune</a>
Seljord	6. mars 2024	10:00-11:00	<a href="#">Klikk her for lenke til webinar - Seljord kommune</a>
Tokke	6. mars 2024	12:00-13:00	<a href="#">Klikk her for lenke til webinar - Tokke kommune</a>
Vinje	6. mars 2024	13:30-14:30	<a href="#">Klikk her for lenke til webinar - Vinje kommune</a>

Rapportar frå undersøkingane og opptak frå presentasjonane vil bli tilgjengelege på Vest-Telemarkrådet og Visit Telemark sine nettsider i mars/april 2024.

**Merket for *Berekraftig reisemål* i Vest-Telemark  
prosjektorganisering**

<b>Navn</b>	<b>Reprenterere</b>	<b>Funksjon i prosjektet</b>
Anne Margrete Espelid	Kultursjef, Nissedal kommune	Styringsgruppa
Elisabeth Lid	Næringsssjefkollegiet Vest-Telemark	Styringsgruppa
Katrine Straand	Straand Hotel	Styringsgruppa
Anne Gundersen	Vest-Telemark Museum	Styringsgruppa
Martin Marvig Pedersen	Telemarkskanalen Regionalpark	Styringsgruppa
Kristin Larsen	Rauland Skisenter	Styringsgruppa
Anne Skaug Nisi	Rådgjevar, Telemark fylkeskommune	Styringsgruppa
Kim Hopland	Telemarklam	Styringsgruppa
Lilly Marita Tvitekkja Bergland	Visit Vinje	Styringsgruppa
Filip Åbom	Dalen Hotel	Styringsgruppa
Thomas Berstad	Bjaaland Bygderestaurant	Styringsgruppa
Gerd Straume	Næringsssjef, Fyresdal kommune	Styringsgruppa
Lill Susan Rognli Vale	Telemark Næringshage	Styringsgruppa
Hilde Hagen-Nielsen	Vest-Telemark bok og papir, Møtestad Seljord	Styringsgruppa
Synnøve Bratland	Vinje turlag, DNT	Styringsgruppa
Elisabeth Spockli	Reiselivsrådgjevar, Tokke kommune	Styringsgruppa
Kristin Havsjømo	Seljord og Morgedal Hotel	Styringsgruppa
Aud Irene Kittelsen	Næringsrådgjevar, Vinje kommune	Styringsgruppa
Kyrre Einar Hegg	Stipendiat og prosjektleiar, Vinje kommune	Styringsgruppa
Mona B. Rasmussen	Vestfold og Telemark fylkeskommune	Observatør i Styringsgruppa
Irene Siljan	Innovasjon Norge	Observatør i Styringsgruppa
Anne Aasmundtveit	Vest-Telemarkrådet	Prosjekteigar, Styringsgruppa
Anne-Hege Svartdal	Visit Telemark	Prosjektansvarleg, Styringsgruppa
Annika Fransson	Visit Telemark	Regionsansvarleg Øvre Telemark
Hilde Ivesdal Pedersen	Visit Telemark	Prosjektleiar Merket for Berekraftig reisemål Vest-Telemark
Ingrid S. Sætre	Mimir AS	Prosjektrettileiar





For spørsmål om prosjektet *Merket for Berekraftig reisemål* i Vest-Telemark, ta kontakt med:

Hilde Ivesdal Pedersen

Prosjektleder Vest-Telemark

Visit Telemark AS

hilde@visittelemark.no

Tlf: 411 75 499



## 10 prinsipper for berekraftig reiseliv

FN sin organisasjon for turisme og Innovasjon Noreg



### Ta vare på natur, kultur og miljø

1. Kulturell rikdom
2. Naturmangfold
3. Klimautslipp og –tilpassing
4. Reint miljø og ressurseffektivitet



### Styrking av sosiale verdier

5. Lokal besøksstyring
6. Lokal livskvalitet og engasjement
7. Jobbkvalitet for reiselivstilsette
8. Gjestetilfredsheit, tryggleik og opplevingskvalitet



### Økonomisk levedyktigheit

9. Økonomisk levedyktigheit og konkurransedyktige reisemål gjennom lokal verdiskaping
10. Økonomisk levedyktige og konkurransedyktige reiselivsbedrifter



Vest-Telemark  
Fyresdal • Kvinesdal • Nissedal • Seljord • Tvedestrand • Vinje

